


Kulturminneplan 2016-2019



Hopper vi bukk over kulturminna våre, eller ser vi verdien av dei på lang sikt ?

Forslag pr. 19.04.2016
Vår ref. 15/450



Bykle kommune
Bykle ser langt

DEL 1-BAKGRUNN OG PLANTYPE

1.1.FØREORD

1.2 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

1.3 PLANTYPE OG AVGRENSINGAR

1.4.DEFINISJONAR

1.5 PLANPERIODE

1.6 VISJON OG MÅL

DEL 2-OVERSIKT OVER KULTURMINNA

2.1 HISTORIA TIL BYKLE

2.2 FORNMINNE

2.3 LANDBRUK OG KULTURLANDSKAP

2.4 BYGNINGAR OG MUSEALE BYGG

2.5 KOMMUNIKASJON OG GAMLE FERDSELSÅRER

2.6 KRIGSMINNE

2.7 KYRKJER OG KYRKJEGARDAR

2.8 SAMFUNNSINSTITUSJONAR

2.9 JAKT, FISKE OG FANGST

2.10 IMMATRIELL KULTURARV

DEL 3-PRIORITERINGAR DENNE PLANPERIODEN

DEL 4- HANDLINGSPROGRAM DENNE PLANPERIODEN

DEL 5-OVERSIKT OVER KULTURMINNE MED KART

DEL-6 KJELDER

Del 1. Bakgrunn og plantype

1.1.FØREORD

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er den første som er laga for Bykle kommune. Planen er ein kommunedelplan etter § 11-1 i plan og bygningslova.

Tekstdelen i planen munnar ut i ein fireårig tiltaksplan som vil bli kopla til økonomiplanen ved årleg rullering. Både kommuneplan, økonomiplan, regionale og statlege retningslinjer legg føringar for arbeidet med kulturminne.

I tillegg til tekstdelen inneheld planen eit kulturminnekart og mindre kart over områda som er vedteken som omsynssoner, eller i planen er foreslått til slike.

Når det gjeld dei prioriterte kulturminne side.... Vert dei gitt sikring gjennom føresegner om sakshandsaming når det gjeld tiltak som rører ved desse. Desse er tatt inn i kommuneplanen.

Planarbeidet har vore organisert av Rådmann Tallak Hoslemo, Astri Rysstad og Sigrid Bjørgum i Bykle kommune i tett dialog med lokale historikarar Folke Nesland og Bjarne Tveiten. Planutvalet har vore styringsgruppe. Det er gjennomført Opne møte i planprosessen. Aust-Agder Fylkeskommune har gjeve gode råd og rettleiing undervegs i prosessen.

1.2 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Oppstart av arbeidet var vedteke i kommunestyret den....

Det vart utarbeidd planprogram som vart lagt ut på høyring samstundes med oppstartsvedtak. ...

I samband med utarbeiding av planen er det laga ei uformell liste over kulturminna og ei forklaring på kva desse er.

Dette ser vi på som verdifulle opplysningar for ettertida. Trugsmålet mot kulturminna er at dei kan bli øydelagt fordi ingen er merksame eller veit om dei.

Meir og meir av forvaltinga av kulturminne skal over på kommunane, og lokale politikarar skal ha eit større eigarforhold til dette. Derfor har Riksantikvaren gitt tilskott til arbeidet.

1.3 PLANTYPE OG AVGRENSING

Planen vil ta for seg kulturminne frå eldre og nyare tid. Kulturminne frå før år 1537 blir rekna som eldre tid, og vert i denne planen omtala som fornminne. Kulturminne yngre enn 1537 blir rekna som nyare kulturminne.

Kommunedelplan for Kulturminne og kulturmiljø (Kulturminneplanen) skal vere ein tematisk plan for heile kommunen.

Fornminne, landbruk , kulturlandskap, bygningar og busettingsmønstre, kommunikasjon, gamle ferdselsårer, samfunnsinstitusjonar, krigsminne, næring, industri, kyrkjer og kyrkjegardar og vassdrag.

For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan og bygningslova , må desse i etterkant følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel. Kulturminneplanen skal vere førande for all byggesak og planhandsaming i kommunen.

Når det gjeld dei prioriterte kulturminna i planen er nokre av eldre dato, som til dømes Muggslopt og Bykle gamle kyrkje. Dei store samlingane på Huldreheimen og Lislestog ligg under Setesdalsmuseet, men bygga er framleis eigd av Bykle kommune.

Det er også nokre private samlingar, nokre autentiske gardsbruk og andre tilflytta bygningar.

Immateriell kulturarv har Bykle kommune heldigvis sikra seg gjennom opptak, litteratur og anna.

1.4 DEFINISJONAR

Kulturminnelova definerer kulturminne slik i § 2:

«med kulturarv menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljø menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»

Fornminne

Dette er kulturminne frå før reformasjonen 1537. (sjekk årstal)Desse kulturminna er automatisk freda.

Nyare kulturminne

Dette er kulturminne frå etter 1537. Slike kulturminne kan bli freda etter enkeltvedtak.

Faste kulturminne

Kulturminne i denne planen er faste, ikkje gjenstander.

Vedtaksfreda kulturminne

Alle kyrkjer som er bygde mellom 1650 og 1850 er listeførde, og vert rekna som verneverdige

Immatrielle kulturminne

Herunder kjem det som ikkje er faste kulturminne og ikkje gjenstander. Dans, song, musikk, handverk, husflid og språk kan definerast under dette.

Museumsvern

Kulturminner som Setesdalsmuseet eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova. Musea kan vere Lislestog, Huldreheimen og Jernvinnemuseet.

Offentleg vern

Kulturminne, bygningar og andre faste kulturminne, som det offentleg eig eller har vedlikehaldsansvar for. Kulturminne skal bevarast, men treng ikkje ha opphavleg funksjon eller museal funksjon, slik som Holsloftet eller høybua på Tveitevollmyra. Herunder kjem også kvernhusa i Trydal som Statens kornforretning rusta opp på 60-talet, og som kommunen tok på seg vedlikehaldsansvar etter dette.

I kommuneplanen kan verneverdige miljø leggast inn som «omsynsone bevaring».

Bygningar og område i SEFRAK

Immatrielle kulturminne

1.5.PLANPERIODE

Kulturminneplan for Bykle kommune går frå 2016-2019. Ein tenker seg at tiltaksdelen må rullerast kvart 4.år i tråd med økonomiplan.

Når ein no har lagt grunnlaget for ein kulturminneplan, kan revisjon av resten av planen skje ved ei enkel oppdatering.

1.6 VISJON OG MÅL

Bykle ser langt. Dette er kommunen sitt motto.

Å ta godt vare på kulturminne vitnar om ein kommune som er seg bevisst si historie i møte med framtida. Ein sterk og levande lokal kulturhistorie er ryggrada når nye innbyggjarar skal intergerast og inkluderast. Det er det ein kan bygge vidare på i møte med nye kulturar.

Planen skal hjelpe oss til å:

Synleggjere

Prioritere

Vise fram- bli medvetne på

Vedlikehalde

Bruke

Del 2 Oversikt over kulturminna

2.1 Historia til Bykle

Knut Gjerden skriv i Bykle kultursoge at den eldste busetjinga ein finn i Bykle er frå yngre steinalder, altså om lag 1500 år føre Kristus. Dette ut i frå funn på Neslandsstølen Strond,pg garden Holen, der det er funne fleire flintreiskaper. Stadnamngranskinga syner også at det truleg har vore fast busetnad i Bykle så tidleg som 400-600 år etter Kristus. Truleg har den første busetjinga kome frå vestlandet. Ut frå alle jernvinnetufter og kolgroper som er registrerte er det tydeleg at det har vore aktivitet og budd folk i området frå om lag 500 e.K.

Bykle kyrkje er først nemnd i 1327, men først i 1619 blei Bykle gamle kyrkje som står i dag sett opp. Bykle var i mange år utan kyrkje. I mellomalderen var det busetjing i dei fleste bygdelaga i Bykle og på Hovden. Den fyrste fysiske bruksdelinga på opphavsgarden kom på 1700-talet, og då fekk ein gardsnamn som t.d. Systog, Norstog, Austistog, Attisog og Der Nord med fleire. Men jorda var skrinn i Bykle, det var jakt og fangst i utmarka som var det viktigaste for gardsbruka.

Då formannskapslova kom i 1837 blei Bykle eit annekssokn til Valle, heilt fram til 1902. På slutten av 1800-talet byrja turismen i Bykle med skysstasjonar både i Bykle og på Bjåen. På denne tid starta og kraftutbygginga, men denne utbygginga var på framande hender, slik at bortsett frå sysselsetting var inntektene små. Men Byklarane var strevsame folk, og det blei på denne tid starta tamreinlag, som gav både inntekter og sysselsetting. Starten på Setesdal bilruter skjedde og i Bykle i 1921.

Tia frå 1963 til 1969 var kampen om Bykildammen ein tung prosess for kommune. Søknaden om Byklidammen med ei oppdemming til høgde 570 m.o.h. vart ikkje godkjend av regjeringa, men til gjengjeld så vart det gitt konsesjon for oppdemming av Bossvatn til høgde 540 m.o.,h. Dette førde til at alle dei 12 gardsbruka som var her då måtte flytte frå Nordbygda. Det blei arbeidsplassar og etter kvart kraftinntekter til kommunen, og turismen auka. Infrastrukturen både i Bykle og på Hovden tilfredstilte nasjonale krav, og ein fekk moderne aktivitetssenter, overnattingsbedrifter og tilflytting både i Bykle og på Hovden.

2.2 Fornminne

Vi finn spor etter menneske i Bykle kommune heilt tilbake til 4200 år f.Kr.. Dette er spor etter husdyrhald eller etter korndyrking. I Bykle kommune er mykje av dei arkeologiske spora funne i samband med arkeologiske utgravingar som kom som følgje av kraftutbygging på 60-70 talet, og seinare som følgje av hyttebygging, særleg frå 80-talet og fram til i dag.

Vi har også Storehedder med runeskrift som tyder på at jegrane følgde villreinen etter kvart som isen trekte seg tilbake. I heiane er det tallause spor etter jakt og fangst på villrein. Dette har vore det viktigaste for overleving fram til andre verdskrig.

I «Gamalt or Setesdal» er skriva: « Dei smida myrjern. Dei saud det sjave av surte. Mann og kone saud eit halvt bismarpunk (2,5-3 kg) til dagen...». Kvar gard hadde si jernbrenne, det er dei mange jernbrennene ved gardane og i utmarka i heile kommunen prov på. På Skarg, Lyngtveit, Heimtveiti, Tereskarmyrane, Strond, Støyledalen, Geiskeli, på Åsen vest for Hoslemo og eit par stader ved Ålmannvegen frå Hoslemo til Dalen finn ein jernbrenner. I skogsmarka er dei ikkje så lette å sjå, men dei som ligg høgare der vegetasjonen er mindre er lettare å finne. Den store produksjonen av myrjern på Hovden frå om lag 800 til 1350 e.kr., er nok meir industriell jernutvinning med eksport både til sør og vest.

I Kyrkjebygda finn vi Muggsrøys, Muggsklyv og Muggsækra. Dette skal vere kulturminner etter Mugge Byklum, som etter segna er den eldste rudningsmannen i Bykle.

Mål

Bykle kommune vil samarbeide med regionale styresmakter for å hindre tap av kulturminne. Når det gjeld forvaltning og informasjon om fornminne.....

Tiltak:

Ruste opp jernvinnemuseet og gjere det meir tilgjengeleg. Samarbeide med Fylkeskommunen om å tilrettelegge referanseområde for kulturminne

2.3 Landbruk og kulturlandskap

Det eldste landbruksbuseetnaden var på Breive.300-500 år e.Kr var det full drift her.

Breive er kulturlandskap med regional verdi. Det same gjeld Stavenes.

Andre viktige område er Bykle Kyrkjebygd, Bjørnarå, Trydal, Berdalen Hoslemo og Bjåen. Område med viktig kulturlandskap og biologisk mangfald er registrert i 2002 og fins i naturbasen.

Steingjerder fins særleg i Bykle, Breive og Stavenes, og rydnindsrøyser fins mange stader.

Det eldste landbruksbygget er Muggslopt frå 1300 talet som står på garden Innistog i Bykle kyrkjebygg.

Dvolo er etter namnet å døme ein av dei eldste gardane i Bykle. Namnet kjem av «dvæle» som er ligg nær det å kvile. Dvolo ligg på Byklestøylane og var støl til garden Torsbu i Bykle. Likeins er Dysje som ligg attmed Bossvatn ein av dei eldste gardane.

Det fins elles mange bygningar som hørde naturleg med i gardsdrifta både heime og på stølane ; buer, fjøs,mjåkkhus, tadda (sauhus), stallar, høyløer, kvernhus, badstoger , stolpehus, lopt. og smidjer.

Knut Gjerden skriv at mange gardar i Bykle hadde opp til 5-6 stølar, både heimestølar og bortestølar. Dei budde ikkje på heimestølen, men for heim om kvelden. Det er ikkje stølsdrift i kommunen i dag, og dei fleste stølane er omgjorde til hytter.

Andre installasjonar som rymevegar og steingjerde høyrer naturleg heime i kulturlandskapet. Det same gjeld rydningsrøyser, opne bekkar og kantsoner. For aktive brukarar kan statleg tilskott avkortast dersom det vert gjort tiltak som øydelegg kulturlandskapet.

Status

Dei fleste er i privat eige. Nokre blir brukt i landbruksnæring, men dei fleste blir brukt til fritidsføremål.

Sefrak-registeret er eit register over alle bygg frå før 1900 talet, og er i databasen Askeladden. Dei er også avmerka på kartet.

Mål

Få til eit god samarbeid med private eigarar for å halde bygningane i god stand og ta vare på desse.

Tiltak

Ha eit godt samarbeid med private eigarar for å ruste opp bygga. Betale for restaureringsrapportar. Ta vare på bygningar som høyrer til i landbrukets kulturlandskap. Registrere bygningar bygd etter 1900.

Ansvar: eigarane med ev støtte frå offentleg eller private finansieringskjelder.

2.4 Bygningar i offentleg eige og museale samlingar

Det er fleire museale samlingar

Huldreheimen er ei samling av bygg frå både Valle og Bykle og vart samla av skodespelar Tore Segelcke og dr. Anton Raabe. I 1949 gav dei samlinga til Bykle kommune mot at dei sjølve sto fort vedlikehald, og at dei kunne få bu der på sommarstid så lenge dei ynkste.

Lislestog er ei samling med 11 gamle og eit nytt bygg. Bygga vart samla av kunstnaren Morten Henriksen. Det yngste bygget er frå OL på Lillehammer i 1994. Den eine badstoga høyrer til Utistogarden. Tunet blei overteke av ei privat stifting i 1982.

Jernvinnemuseet på Hovden. Dette blei bygd opp kring ei gamal jernvinnetuft i 1991.

Holsloftet og høybu på Tveitevollmyra

Holsloftet blei kjøpt av Bykle kommune etter oppdemminga av Bossvatn. Det blei sett opp tidleg på 1970-talet i Nedre Sarv, men blei seinare flutt til Tveitevollmyra. Då blei også høybua som stod nærare vegen flutt inn til loftet.

Status

Huldreheimen er rusta opp for få år sidan, det same gjeld Holsloftet.

Lislestog bør på på sikt gjennomgåast av fagfolk og restaurerast.

Bygga i Huldreheimen og Lislestog står på leigd areale.

Holsloftet og høybua på Tveitvollsmyra står på kommunal tomt mellom rådhuset og Bykle hotell.

Mål

Avklare eigartilhøve og ansvarstilhøve rundt museale bygg. Syte for godt vedlikehald

Opne opp for bruk som ivaretek verneverdiane.

Tiltak

Sette av jamleg midlar i budsjetta til gamle bygg som kommunen eig. Få dette inn i kommunale vedlikehaldsplanar.

2.5 Kommunikasjon og gamle ferdselsårer

Vegar: Byklestigen , Ålmannvegen, Skinnvegen, Pilgrimsvegen, Kyrkjevegen

Bruer: Moen, Sveigen, Berdalsbru, Tverråbrua, Auvervassåi bru.

Anna: Telefonlinje og Iviro

Status

Ein veit om 6 generasjonar med vegar ved Byklestigen. Byklestigen kunne ein nok gå men ikkje med hest og tung last før den blei utbetra i 1829. Vegen som ein går i dag blei truleg laga ikring 1930-talet, og blei rusta opp på 90-talet. Det er kommunen som har kosta informasjonsskilta, men det er Statens vegvesen som skal stå for vedlikehald av strekninga.

Ålmannvegen var ein enkel rideveg som vart avløyst av kjerreveg frå Valle til Bykle kyrkje i 1879, vidare til Hoslemo i 1904, og køyreveg frå Berdalsbru til Hovden ca. 1930. Før denne tid gjekk Ålmannvegen opp Hoslemogardane og til Dalen, med bru over Løyningsåne og vidare til Ørnefjødd. Etter dette gjekk den på til Hartevatn, og på vestsida av Hartevatn til Breive og Hovden. I kommunen sin arealdel er det regulert eit verneområde på kvar side av Ålmannvegen på 20 meter.

Frå 1120 og fram til 1536 måtte øvre Setesdal betale «skinnskatt» til Domkapitlet i Stavanger. Denne vegen blei då kalle Skinnvegen, og går frå Valle og vestover. Frå Bykle kjem ein inn på Skinnvegen ved Breiådalen, vest for Såvatn. Ein gjekk då på sørsida av

Bossvatn, Dreiftebergi, Austmannskaret til Breiådalen, eller med båt til Sandbekk og Austmannskaret til Skinnvegen.

Ein annan viktig veg som gjekk gjennom Bykle var pilgrimsvegen til Røldal. Vegen sørfrå gjekk frå Valle til Bykle og til Kaupmannsbui, til Sålestoga ved Ormsa, så til Bråtveit, og med båt etter Suldalsvatnet til Vallarvik. Så tok dei Prestevegen til Botnen i Røldal og rodde Røldalsvatnet til kyrkja. Pilgrimsvegen frå Fjellgardane gjekk opp Breivelii og nordover til Hardingskaret, vestom Holmevatn og til Røldal.

Kyrkjevegen går frå Bykle kyrkje og opp til Jåro, dette ville blitt eit betre startpunkt for Ålmannvegen.

Brua ved Moen, den gamle bygd truleg i 1879 då vegen kome, den nye brua tok truleg over på 1930-talet.

Bykle gamle bru ved Sveigefoss er frå 1879, her er berre brukara att. I 1940 sprengde norske motstandsfolk Byklebrune, og dei tyske troppane laut lage ei improvisert bru over Otra. Tyskarane døypte denne brua til Die Geere-brücke.

Berdalsbru blei bygd som ei steinkvelvbru i åra 1907 til 1912. Denne blei og sprengd av norske motstandsfolk. Noverande bru blei bygd i 1962, det er berre brukara som står att av den gamle brua.

Den gamle Tverråbrua var ferdig i 1935. Den står likeins i dag, men ny bru er bygd på sida. Auvervassåi bru blei nok bygd på same tid, men også her kom det ny bru i 1968.

Det er fleire ferdavegar over heiene i Bykle, både vestover og austover. Vi tek ikkje med alle, men vi tek med nemner ferdavegen frå Kaupmannsbui – Reinevassåne – Ulvetuva, likeins frå Ormsavatnet over Bruleet til Bråtveit. Pilgrimsvegen frå Setesdal til Røldal gjekk også innom baa desse ferdavegane.

Mellom Hovden og Bjåen står ei verna telefonlinje nær vegen (etter verneplanen til Telenor). Dette var ei rikslinje, og samstundes ei høgfjellslinje med ekstra sterke isolatorjarn og god tråдавstand. 90 stolpar var restaurert i 1996, og er ein del av norsk telemuseum. Linja blei oppført kring 1920. På kvar stolpe kan ein lesa at dette er ei verna telefonline.

Ivirone ved Skarsmo var einast ferdsselsåra til Glidbjørg, her rodde dei, eller let hesten vasse over heilt til brua kom på 50-talet.

Status

Byklestigen er restaurert, og Ålmannvegen er rydda. Det er Bykle kommune som har ansvar for skiltinga ved Byklestigen, medan Statens Vegvesen har ansvar for vedlikehald av stigen/vegen. Ålmannvegen er rydda og merka frå kyrkjebygda til Byklestøylane. Det er Statens vegvesen som har ansvar for bruene og skiltinga, medan grunneigarar kan søkje kommunen om tilskot til rydding, eller Bykle kommune kan setje inn ressursar for rydding av vegen. Bruene er det Statens Vegvesen som har ansvar for?

Norsk Telemuseum har ansvar for vedlikehald av verna telefonlinje frå Bjåen til Hovden.

Mål

Sikre at desse plassane ikkje blir utsette for øydelegging eller nedbygging.

Tiltak

Betre tilgjenge til området og oppdatere skiltinformasjon ved Byklestigen. Årleg gjennomgang og vedlikehald frå Statens Vegvesen ved Byklestigen og Ålmannvegen.

2.6 Krigsminne

Bunkers ved Byklestigen og Lisletjønn

Bunkersen ved Byklestigen på vestsida av Stigahyl under Kolåsen blei bygd som ein del av «Festung Europa», ein annan blei bygd fritt oppe på Soksbyggane. Det blei også bygt ein bunker og ei maskingeværstilling ved Lisletjønn, alt er synleg i dag.

Observasjonstårn

Øvst oppe i Kviforbakkane vart det sett opp eit observasjonstårn, plassen har fått namnet Tårnhaugen. Ein liknande post vart installert i slaktebrakka på Lundane.

Flyslepp ved Korpenuten

C-containere

Dei tilhøyrrer eit av forsyningsleppa 26. og 29. april 1942 til motstandsbevegelsen i Bykle. (Salmund Gjeiskelid, Kjetil Glidbjørg, Sjur O. Vatnedalen, Sjur Bjåen m. flere.)

Jøssingebu ved Auversvatn

Her var fleire slepp frå England under krigen, gjøymestad og i ein periode nærast ein liten hovudbase for heimfronten på Sørlandet.

Status

Krigsminna ligg der utan at det er gjort inngrep eller vedlikehald.

Mål

Ikkje rasering eller øydelegging.

Tiltak????

2.7 Kyrkjer og kyrkjegardar

Bykle gamle kyrkje med kyrkjegarden

Bykle gamle kyrkje blei bygd i 1620 av magetelgde stokkar. Nokre av stukkane i kyrkja kan vere frå så tidleg som 1327, då paven har nemnd Bykle gamle kyrkje i sitt register dette året. Ifølgje konservator Leonhard Jansen ved Setesdalsmuseet er kyrkja bygd meir eller mindre oppå det som truleg er ein stor gravplass frå førkristen tid.

Kyrkja blei rosemalt innvendig i 1826, og blei restaurert om lag på same tid. Kyrkja blei også restaurert på 1950-talet, siste gong innvendig på 90-talet.

Kyrkja er ei av dei minste i landet med plass til ca. 120 menneskje. Kyrkja er open for omvising og bruk sommarstid. I Bykle gamle kyrkje levde den gamle akapella syngjemåten heilt fram til 1970-talet.

Det vart reist ny, større og meir allsidig kyrkje i Bykle i 2004, og kyrkja blei Bykle kommune sitt 1000-års bygg. Det er arkitektane Drange og Aanonsen som har teikna kyrkja.

Fjellgardane kyrkje blei bygd i 1957, og heitte då Hovden kapell. Kyrkjegarden er frå 1950.

Status

Dei tre kyrkjene er i jamleg bruk. Det er Bykle sokn som eig kyrkjene, og har ansvar for drift og vedlikehald av dei i samarbeid med Bykle kommune. Bykle kyrkje og Bykle gamle kyrkje er i god stand. Det blei installert vasståkeanlegg for å sikre Bykle gamle kyrkje i 2014. I dag har Setesdalsmuseet ansvar for omvising i den gamle kyrkja sommarstid. Fjellgardane kyrkje er i grei stand, men er til tider for lita til å rome kyrkjeleg aktivitet, særleg i turistsesongane.

Mål

Kyrkjene er ein sentral del av Bykle sin kulturhistorie. Kyrkjene har hatt og har ein funksjon som gudshus og møteplass. Mange viktige livshendingar vert markerte i kyrkjene. Bykle gamle kyrkje er eit av dei mest særmerkte kulturminna vi har i Setesdal. Historien til kyrkja bør ivaretakast gjennom formidling og framsyning, til fastbuande og tilreisande.

Tiltak

Bykle gamle kyrkje må vere prioritert i alle samanhengar når det gjeld vedlikehald, likeins bør Fjellgardane kyrkje og Bykle kyrkje vere inne på vedlikhaldsbudsjetta.

2.8 Samfunnsinstitusjonar

Langevatn/Krossloskaret

Det var molybdengruver ved Langevatn, gruva vart driven i prioden 1907-1914. Storkonsernet Krupp frå Tyskland dreiv den siste tid. Det var registrert landhandel der inne i 2-3 år kring 1910. Det er mange synlege restar etter dette arbeidet.

Bedehus

Av bedehus så har vi Trydal, Klippen og Hoslemo att. Trydal bedehus er bygd ut, og gjort om til grendehus. Hoslemo bedehus er kanskje det som er mest autentisk, og som ein kan ivaretake på minst muleg skånsam måte.

Av grendeskulane er alle skulane bygd om til hytter, dette gjeld både Breive, Berdalsbru og Trydal.

Gamalt posthus i Bykle

Det gamle posthuset i Bykle var i bruk til 1978, dette var eit lite bygg som stod om lag der nykyrkja står i dag. Dette er i privat eige.

Badehus i Bykle Kyrkjebygd

Badestoga står attmed vegen på gamlevegen i Bykle – ovanfor coopen. Denne blei sett opp i etterkrigstida, og var i samsvar med nasjonal plan for reinhald og hygiene. Badstoga i Bykle var i bruk etter krigen. Denne er i privat eige, men står rett ved den gamle vegen, gjennom Bykle. Håmåren nr... flyttast

Kraftverk

Den eldste Vatnedalsdammen blei bygd i 1912 – fülle på

Byklestøylane camping er ein fin campingplass oppbygd med gamle buer.

Bykle rådhus blei opna i 1990. Det er arkitekt Sven Tallaksen som har teikna bygget, som har inspirasjon frå ein midtkammersbygning med lopt i midten.

Status

Mål

Tiltak

2.9 Jakt, fiske og fangst.

Bogestille, drifteleger, hellerar, dyregraver og jakthytter (herunder Heiberghytter)

Gjetarhytta, Hegner på Galten, Falkeskar, Falkehytta

Jakt og fangst var ein av grunnane til at folk kunne bu i Bykle.

Ved frost og uår, som det var mange av, og kornet fraus, så var det reinsdyrkjøtt som redda dei frå direkte hungersnaud. Ferdselen over heia var mellom anna for å byte kjøtt og skinn i salt og korn. Det vart dyrka bygg og rug i Bykle, men det var ikkje alle år det vart moge. Når ein tala om dyrekjøtt, dyrefangst og dyreheii, var det alltid reinsdyr ein meinte.

Mange stadnamn har sitt opphav i reinsdyr og jakt; Reinevatn, Simledalen og Dyreskar er døme på slike.

Fram til viltlova i 1863 var det lov å fange reinsdyr i «dyregraver». Desse var mura opp eller nedgravde der reinsdyrtrekket gjekk. Det var også vanleg å setje opp «bogestidde» i tilknytning til trekkvegar. Dette var ein steinvegg på 50-70 cm, om lag 15-20 meter frå trekkvegen. Her kunne ein gøyme seg og så skyte dyra med pil og boge. Då børsa kom rundt midten av 1600, gjekk desse fangstanlegga gradvis ut av bruk.

Det er registrert og delvis kartfesta 150 dyregraver og bogestiddi i heii vest for Otra og 8-9 på austsida. I tillegg er det over 50 hellerar på vestsida og 6-7 på austsida. Det er og hellerar og steinbuer i tilknytning til dei mange driftelegene. Berre i Bjå- og Breiveheiane er det over 30 drifteleger og i resten av kommunen er det funne 13-14.

I samband med utbygging av Blåsjø vart det gjort undersøkingar som viser at der var buplass for 8000 år sidan, og at utnyttinga av villrein var særleg intensivt i perioden for 7000-5700 år sidan.

Ein annan epoke var frå 1906 til 1943 då oslomannen Dr.Thv.Heiberg kjøpte opp eigedomar, tilsaman 1 mill.dekar, for å skape sitt jakteldorado for rike storviltjegarar. Ein god del av dette var i Bykle. Etter krigen vart området kalla Njardarheim.

I tillegg til villrein var det jakt på elg frå 1980, rådyr frå om lag 1960 og hjort frå om lag 2000.

Fiske var mest til eige bruk. Fjellaure er viktig for jolematen som framleis er lefse, fisk og næpespa. Det var nokre særleg i Fjellgardane som laga gravaure for sal. Bykle vart og påverka av sur nedbør, og nokre vatn vart fisketome, seinare er kvaliteten på vatna blitt betre og fisk er sett ut.

Når me tenker på fangst, så er det rypefangst. Fangsten vart for det meste frakta til byen for sal. Tidleg på 1900 kunne enkelte fange 12-1400 ryper i snarer kvar vinter, og dette var ei god ekstraintekt. Det vart sagt at «det var greitt å greie seg om vinteren, for då var det bare å gå ut og plukke seg pengar» .

Skinn av rev, fjellrev(merak), mår og røysekatt har nok i lang tid vore ei god næring. I Bykle står det minst 7-8 revebåsar, mura opp av stein med fallem.

Store rovdyr som bjørn, ulv, gaupe og jerv (lokalt namn: erven)vart det også drive jakt på. Heiberg dreiv jakt på jerv med å bruke åte med gift i.

Falkefangst med det føremål å skaffe jaktfalkar vart dreve i Bykle, særleg av utanlandske fangstfolk. I 1683 vart det innført regulering av denne fangsten.

Verneområda???

Status:

Stesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har status som landskapsvernområde.

Kartlegging av fanstanelgg og stadnamn er utført av Folke Nesland.....

Mål

Tiltak

2.10 Særleg autentiske miljø

I dei gamle Setesdalstuna stod uthusrekkja på ei side og innhusa på den andre sida, denne tunskipnaden kallar ein rekkjetun. Loftet stod alltid på innhusrekkja. Vi har ikkje mange att med denne tunskipnaden, difor må ein vere merksam på dette ved tilleggsbygg og ombygging.

Bykle kyrkjebygd nedanfor Coop har enno mykje att av dei autentiske gardsmiljømiljøa, det same finn ein også i Trydal, i Glibjørg, i Breive og på Bjåen.

I Setesdal var det ikkje den store skilnaden på ein gard og eit plass. Vi har ikkje noko «autentisk plass» att i Bykle, men gardane ovanfor Coop blei rekna som plassegardar.

Likeins var Solbakken i Breive og Austegard på Hovden plassegardar.

I Bykle har Der Inne og Nordstog blitt rusta opp i tråd med det gamle gardstunet. Likeins er det fleire gardsbruk som har rusta opp dei eldste gardsbygningane.

Heiegardar: Hisdal, Breive, Bjåen og Hovden.

2.11 Immatriell kulturarv

Musikkopptak finn ein i arkiva til Bykle radio, Agder folkemusikkarkiv, i NRK-arkiva og i private samlingar.

Soger kan ein finne i private samlingar, i utgjevne bøker og i arkiva nemnd ovanfor, likeins skildringar.

Av kjende personar frå Bykle er nok Svein Knutson Hovden, Gunnar Tveiten og Olav Mosdøl dei mest kjende personane. Svein Knutson Hovden som kvedar, sogemann og treskjerar, Gunnar Tveiten som ordførar under Bykilstriden, og Olav Mosdøl som lyrikar.

Det er gitt ut godt med litteratur frå Bykle. Dei fleste utgjevingane finn ein på Setesdalsmuseet, men sjølvstapt er nokre utgjevingar ikkje å få tak i.

Alle 3 musea i Bykle har gjenstander i samlingane, men dei mest verdifulle ligg i arkiv på Setesdalsmuseet. Setesdalsmuseet har også kjelder som syner gamal handverkstradisjonar og anna innsamla materiale frå Bykle. Mykje kan ein og finne både på Stavanger Arkeologiske museum, på Bygdøy, på Nasjonalmuseet i Oslo, og på andre museum i regionen.

Husflid- og handverkstradisjonar er ivaretekne på Setesdalsmuseet, men også Setesdal husflidssentral og Bykle og Fjellgardane husflidslag sit inne med mykje kunnskap om dei ulike handverkstradisjonane.

Mattradisjonar

Bykle var tidleg ute med bok om mattradisjonar, det var Gro Nomeland Gjerden som skreiv denn boka. Særskild for Bykle er nok salta sauekjøt, og ei pølse som dei kallar Brispølse.

Bearlag

I alle bygder hadde dei for få år sidan faste bearlag. Desse var gjerne dela inn ut frå naturgjevne tilhøve. Bearlaga hadde sin funksjon ved dugnadar, bryllaup, dåp og gravferder.

Status

Mykje av den immaterielle kulturarven er på veg til å gå tapt.

Mål

Ivaretake så mykje av gamle tradisjonar som er muleg, men også leggje vekt på nyare, immaterielle verdiar.

Tiltak

Opptak, innsamlingar, oversikt på det som finst.

Del 3. Prioriteringar

I denne planperioden vil vi prioritere dei kulturminna som ligg langs Rv- 9 eller er naturleg knytta til Setesdalsvegen.

På denne måten vil ein oppfylle måla om synleggjering, bruk, vise fram og bli medvetne på det vi har. Dette vil også gi oss eit utval av dei ulike gruppene av kulturminne.

Vi deler Setesdalsvegen inn i 4 delar:

1.Gylli- Øyreviksbakkane:

Privat samling-Bjørnarå

Kvernhus Trydal

Trydalsbygda

Byklestigen med krigsminne

Brua

2.Øyreviksbakkane-Hoslemokrysset

Bykle gamle Kyrkje

Bykle Kyrkjebygd -kulturlandskap

Lislestog

Ålmannaveg-Kyrkjeveg

Posthus

Badehus

Tufta til Vise Taddeiv

Jåro?

Krysset med Klippen:kvernhus, Olav Holen osv..?

3.Hoslemokrysset-Hovden sentrum

Berdalsbru-sag, bru

Vatnedalsdammen

Bru Badstogdalen

Bru Steinsland

4.Hovden sentrum-Bjåen

Slaktebrakkka

Telefonlinja

Fjellstove

Del 4. Handlingsprogram

4.1. Handlingsprogram i prioritert rekkefølge

Betre skilting og informasjon ved Byklestigen	
Rydde og merke den gamle kyrkjevegen til Gjerden	
Sette opp att det gamle posthuset i Bykle	

Del 5. Oversikt over kulturminna med kart

Exel ark

Del 6 Kjelder

Knut Gjerden; Bykle kultursoge, 1993

Reidar Tveito: Riksveg 9, 2014

Njål Tjeltveit: Gamle fjellveggar, 1999

Olav G. Holen dy.:

Ressurspersonar til planen:

Folke Nesland, Bjarne Tveiten, Ole Morten Egeland og Tor Hallvard Mosdøl.